

VELKOMMEN
TIL



FLORØ SK HANDBALL



Veldig kjekt at akkurat du vil vere med i vår klubb.

Florø Sportsklubb er organisert som eit fleiridrettslag.

Denne brosjyra skal gje deg, som blir med oss for fyrste gong, litt informasjon om oss.

Klubbens høgste organ er hovestyret. Leiar i hovestyret er Trine Vokuhl Havn.

Kven er klubben?

Klubben, det er alle oss som er med: spelarar, dommarar, trenarar, foreldre/føresette, frivillige, dei som står i kiosken, sit i sekretariatet eller gjer annan dugnadsarbeid når det er handballkamp.

Det er 3 grupper i FSK: Florø SK Handball, FSK Svømming og Florø fotball.

Med andre ord:

Det er du og alle andre som er med i klubben.



www.handball.florosk.no

2024-2025

KONTINGENT:

Medlemskontingenten betalast til Florø Sportsklubb og gjeld for alle idrettar i FSK.

Du betalar berre 1 kontingent per år, sjølv om du er med i fleire idrettsgrupper.

Kontingenten inneheld barneforsikring i handballklubben fram til utøvaren fyller 13 år. Du kan lese meir om barneforsikringa på [NIF](#) si heimeside.

Utøvarar som er 13 år og eldre må sjekke forsikringsordninga som gjeld for aktuell idrett og forbund.

Du må ha betalt medlemskontingent for å ha stemmerett på årsmøtet.

Du kan vere medlem sjølv om du ikkje skal trene i nokon gruppe. Då er du støttemedlem.

Medlemskontingenten er ei viktig inntekt for idrettsklubben og blir nytta til å betale fellesutgifter.



TRENINGSavgift:

Alle som i løpet av året starter og deltek i regelmessig aktivitet i regi av Florø SK Handball, pliktar å betale treningsavgift.

Når ein spelar har vore med og trent ein månads tid vert den rekna som «regelmessig», og må betale treningsavgift for inneverande sesong.

Det er ikkje noko krav at ein spelar, som er med på treningane, må vere med på kamp. Vil spelaren berre vere med på treninga, så er det helt ok.

Den dagen spelaren er klar for det, viss den kjem, så får spelaren vere med på kamp.

Vår klubb er til for alle.

LISENS

Frå det år spelaren fyller 13 år, skal spelaren betale lisens for å få vere med og spela kampar.

I lisensen inngår forsikring.

Les meir her:

<https://www.handball.no/regioner/nhf-sentralt/praktisk-info/lisens-og-forsikring>



QR-kode til lisensinfo

MIN IDRETT (<https://www.minidrett.no/>)



Medlemskontingent og treningsavgift betalast via Norges idrettsforbund si websida: Min idrett.

"Min idrett" er din personlige side inn mot idrettens medlemsregister og idrettssystemene. Der må du som medlem registrere deg (lage ein brukar).

På din side i "Min idrett", finn du fakturaene til medlemskontingent og treningsavgift.

Les meir her: https://www.idrettsforbundet.no/digital/minidrett/min_idrett_bruerveiledning/

Vi kjem til å bytte til nytt medlemssystem i vår; IdrettenOnline, som er knytta til nettsida vår. Info kjem når det blir aktuelt.

Ta kontakt med Annbjørg Hestdal viss du lurar på noko om registrering: annbjorg@florohandball.no eller info@florohandball.no



DUGNAD/FRIVILLIG ARBEID:

Vår klubb vert driven på dugnad og er avhengig av at så mange som mogeleg, foreldra eller andre frivillige, hjelper til når laget har arrangøransvar, turneringer, cuper og andre arrangement.

Det er litt jobb og mykje moro å samlest for å hjelpe borna våre med å få ha kjekke og trygge fritidsaktiviteter.

På vår webside finn du litt info om dugnadstimar og liknande:

[DUGNADSTIMAR](#)



Høyr med trenar/lagkontakten/oppmannen på laget ditt, for meir informasjon om det aller meste, m.a. om kortid ditt lag har arrangøransvar.

Du finn meir informasjon på vår websida:

<https://handball.florosk.no/next/p/84348/heim>



Følg oss på facebook og instagram:

www.facebook.com/floroskhandball - www.instagram.com/floroskh/



Fleire lenkjer med informasjon:

www.handball.no (Norges handballforbund)

www.idrettsforbundet.no (Norges idrettsforbund)



FLORØ SK HANDBALL